

**Fra:** Kjell Reigstad <kjell@reigstadbygg.no>  
**Sendt:** torsdag 25. mars 2021 12:31  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Reigstad Bygg og Eigedom  
**Emne:** NY SAK: Søknad om løyve til planering av område BB4, Kubbaleitet gbnr 137/803

**Vedlegg:** 0- Orienteringsbrev naboar og kommunen planering BB4.pdf; 0- Søknad om løyve skjema NBR 5174.pdf; C-1 Nabovarsel utsendt.pdf; C-1b vedlegg i nabovarsel.pdf; C-2 Nabovarsel\_kvittering altinn.pdf; C-3 Norkart e-Torg-nabovarsel status pr 23032021.pdf; C-4 forseint innkome-feilsendt merknad frå gbnr 137-38- via Haugen VVA.pdf; D-1 Situasjonsplan Planering BB4 1-500 A3 gbnr 137-803 02032021.pdf; D-2 Situasjonsplan med regplanfarger Planering BB4 1-500 A3.pdf; E-1 Snitt p20.pdf; E-2 Snitt p40.pdf; E-3 Snitt p60.pdf; E-4 Snitt p80.pdf; E-5 Snitt p100.pdf; G1 og G2 Gjennomføringsplan og erklæring ansvar Reigstad bygg.pdf; G-3 Erklæring om ansvarsrett Alver kommune v Oppmåling MMH- område BB4 Kubbaleitet.pdf

Alver Kommune  
Byggesaksavdeling

Me viser til vedlagte dokument og søker om løyve til planering av område BB4, ved Kubbaleitet Reguleringsplan, gbnr 137/803.

#### **Kort om prosjektet, (sjå og eige brev sendt naboar)**

I høve vidare planar for utbygginga, og for å dempe belastninga (støv/støy, anleggstrafikk) for dei som etter kvart vil bu og arbeide i/ved utbyggingsområdet, ønskjer vi å planere ut området BB4, seinare også BB5 (kjem byggesak i april).

Når dette er gjort, seinast innan februar/mars 2022, skal det flytte folk inn i nærområdet (BB2). Dei resterande tiltak rundt BB4 (offentleg veg/fortau, leikeplass f\_L4 m.v) skal også takast i bruk. Tiltaket vil og vere ei føremon i høve gode riggtilhøve for vidare utbygging av BB2.

Slik det no ser ut, planlegg vi for søknad om byggetiltak/byggesak på BB4 våren 2022, mogleg byggestart hausten 2022/våren 2023.

I prosjekteringa er det tatt med tilstrekkeleg areal for planering jf. byggegrenser for parkeringskjellere i reguleringsplanen.

Byggegrensene for desse strekker seg også utanfor BB4, og delvis inn på ulike felles leikeareal.

#### **Nabovarsel**

Nabovarsel er utsendt via Altinn.

Det er ikkje kome merknader til oss innan fristen 18.03.2021, sjå og vedlegg C-3

#### **Nabomerknad etter utløp av frist**

I etterkant av fristen er det via anna føretak, Haugen VVA kome inn det som ser ut til å vere ein merknad frå gbnr 137/38 som gjeld vår sak, sjå vedlegg C-4.

Vi har mottatt denne 22.03.2021 på epost frå Haugen VVA, som har mottatt denne via Altinn, truleg via tidlegare utsendt nabovarsel på tiltak på gbnr 137/185, sak 20/7972.

Sjølv om merknaden er komen inn etter fristen, og då følgeleg ikkje skal ha verknad for tidsfrist for 3-vekerssak, finn vi det likevel naturleg å kommentere denne no.

Merknad:

*Hvis vei 7 skal kunne realiseres bør vel det skje samtidig med arbeidet som her er skissert.*

Vår kommentar:

Som nemnd på felles statusmøte 15.03.2021 der merknadsskrivar også var til stades, ligg det ikkje føre konkrete planar om bygging av veg 7 (f\_V7) pr i dag.

Vegen kan realiserast så snart det ligg føre tilstrekkeleg finansiering. Slik det ser ut no lyt alle aktørane/utbyggerane (minst 4) i denne delen av planen bidra til dette samstundes.

Vi har dei siste to åra forsøkt å bidra til realisering, men pga av desse og andre forhold har det vist seg noko vanskeleg.

## **Kontakt**

Om noko er uklart med søknaden eller anna, ta gjerne kontakt med oss.

med helsing

Kjell Reigstad

Reigstad bygg og Eigedom as

Dirtlf: 977 47 964

Epost: [Kjell@reigstadbygg.no](mailto:Kjell@reigstadbygg.no)

Heimeside: [www.reigstadbygg.no](http://www.reigstadbygg.no)